

Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad, Kulturavdelinga
Sak nr.: 15/11451-1

Tusenårsstaden Gulatinget - ny strategi og avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune.

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Ny strategi for utvikling av Gulatinget 2016-2020, jf. vedlegg 1, vert godkjent.
2. Ny avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune om utvikling, vedlikehald, drift og formidling av tusenårsstaden Gulatinget, jf. vedlegg 2, vert godkjent.

Som saksordførar i fylkestinget vert valt:

Vedlegg:

1. Strategi for utvikling av Gulatinget 2016 – 2020
2. Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune om utvikling, vedlikehald, drift og formidling av tusenårsstaden Gulatinget.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Utviklingsplan 2006-2010 for tusenårsstaden Gulatinget
2. Avtale om utvikling, vedlikehald, drift og formidling, FT-sak 19/06.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget gjorde i FT-sak 51/99 vedtak om at det historiske Gulatinget skulle få status som tusenårsstad for fylket. Grunngevinga var at Gulatinget representerer ein viktig del av framveksten av Noreg som rettsstat og nasjonalstat med tradisjonane med representative ting-samlingar som starta opp her med utviklinga av Noregs eldste lover. Gulatingsarven er sentral i norsk historie, og det er fagleg og politisk semje om at denne arven skal formidlast sterkare i åra som kjem. Tusenårsstaden Gulatinget vart formelt opna 27.august 2005, og er også Gulen kommune sin tusenårsstad.

Det vart inngått ein avtale mellom Gulen kommune og fylkeskommunen om utvikling, vedlikehald, drift og formidling, jf. FT-sak 19/06. I FT-sak 47/06 vart utviklingsplan for tusenårsstaden 2006-2010 godkjend.

Ettersom samarbeidsavtalen mellom Gulen kommune og fylkeskommunen gjeld fram til 01.01.2016, er det trong for ny avtale. Utviklingsplanen som gjekk fram til 2010 er ikkje erstatta av nytt plandokument, og partane har vore samde om at eit kortfatta strategidokument er det rette for vidare arbeid i åra framover.

2. Vurderingar og konsekvensar

Tusenårsstadane var ei nasjonal satsing som skulle bidra til å markere tusenårsskiftet, og staten bidrog med midlar til så vel kommunale som fylkesvise tusenårsstader. St.meld nr 55 (1997-98) ga slik ramme for tusenårsstadane:

«Tusenårsstadane skal vere møteplassar for samhandling, kultur, opplevingar og utfolding. Dei skal byggje på eigne historiske og kulturelle verdiar, hente inspirasjon frå andre kulturar, og representere verdiar for framtida.»

2.1 Organisering av partnerskapsarbeidet:

Utviklingsplan, samarbeidsavtale, styringsgruppe og årlege løyvingar til drift har vore dei viktigaste elementa i arbeidet med å realisere den overordna intensjonen bak etableringa av Tusenårsstaden Gulatinget.

2.1.1 Utviklingsplan 2006-2010:

Utviklingsplanen for 2006-2010 ga god retning på arbeidet på tusenårsstaden, sjølv om det ikkje har vore rom tidsmessig eller økonomisk til å gjennomføre alle tiltaka innan den tidsperioden som var gitt. Planen har også vore styrande for det arbeidet som er gjort med tusenårsstaden etter 2010. Av dei tiltaka som det ikkje har vore rom for å realisere, er formidlingssenteret.

2.1.2 Samarbeidsavtale 2006-2015:

Samarbeidsavtalen mellom Gulen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore ein god basis for verksemda ved Tusenårsstaden Gulatinget.

2.1.3 Organisering:

Tusenårsstaden Gulatinget har vore organisert som eit samarbeidsprosjekt mellom Gulen kommune og fylkeskommunen. Det har i løpet av dei ti åra som har gått vore drøfta om ein skulle sjå på andre modellar for organisering, t.d. stifting, eller om tusenårsstaden skulle gå inn som del av Musea i Sogn og Fjordane sitt ansvarsområde.

2.1.4 Styringsgruppe:

Styringsgruppa for tusenårsstaden har vore sett saman av ordførar/rådmann i Gulen kommune, og ein politisk oppnemnt representant frå hovudutval for kultur saman med ein representant oppnemnd av fylkesrådmannen (fylkesdirektør for kultur). Den etablerte styringsgruppa har vore premissleverandør og møtestad med ansvar for arbeidsoppgåver, prioriteringar og framdrift. Deltaking frå både politisk og administrativ side har vore ein ressurs.

2.1.5 Økonomi:

Drifta av tusenårsstaden vert finansiert gjennom tilskot frå Gulen kommune og fylkeskommunen. Med relativt avgrensa midlar har det funne stad ei spennande utvikling med omsyn til fagleg innhald, parkområde med installasjonar, offentleg interesse og besøkstal. Nivået på løyvingane vert fastsett gjennom arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan. Det vert kvart år søkt privat finansiering til deler av aktiviteten. Nivået her vil variere. Gulen kommune søker også staten om tilskot til drift, men har så langt ikkje oppnådd dette.

2.2 Ti år med tusenårsstad

Formidlinga av den immaterielle kulturarven er gjort med utgangspunkt i Gulatingsarven, utviklinga av menneskerettane i Noreg og den innverknad dette hadde på samfunnet elles. Meir enn 30 norske kongar har møtt folket på Gulatinget, og i til dømes Snorre-soga er det skildra kva som hendte her. Tusenårsstaden Gulatinget har samarbeidd med museum, skular, lag og organisasjonar når det gjeld guiding, vedlikehald og opplevingstilbod.

Tusenårsstaden Gulatinget har også vore ein viktig møteplass og arena for lokal aktivitet i Gulen, og har ein viktig identitetsskapande funksjon i lokalsamfunnet. Dei lokale arrangementa trekkjer etter kvart til seg folk frå større område enn berre Gulen kommune.

Kunstverka i Gulatingsparken er av nasjonal og internasjonal interesse. Kunstnar Bård Breivik har med "Tingveggen", "Tinghella" og "Eldsirkelen" laga installasjonar som i storleik og form er banebrytande. Denne kunsten kan formidlast tydelegare i tida framover.

Det er etablert eit THING-nettverk for det Nord-Atlantiske området, der desse tingtradisjonane spring ut nettopp frå det autentiske og historiske Gulatinget. THING-prosjektet som vart gjennomført i åra 2009-2012 hadde m.a. fokus på kunnskapsproduksjon, forvaltning av tingstadane, og formidling av den felles tingtradisjonen.

Dei årlege Gulatingseminara har fungert som eit viktig treffpunkt med deltaking frå historikarar, juristar, historielag, kulturarbeidarar, politikarar, lærarar og mange andre. Desse seminara har fått mange godord og er blitt eit sterkt merkenamn, også på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Tusenårsstaden Gulatinget var i 2014 arena for hovudmarkeringa av Grunnlovsjubileet i Sogn og Fjordane. Dette vart ein stor folkefest med aktørar frå heile fylket. Tusenårsstaden Gulatinget fekk vist sitt store potensial og unike kvalitetar som møtestad og kultursenter.

Det var i si tid fire regionale landsting. Det arbeidet som er gjort i Gulen og Sogn og Fjordane for å hente fram og formidle denne delen av historia vår, ligg langt framme både nasjonalt og internasjonalt. Det er og sett i gang eit arbeid for å etablere eit nasjonalt tingstadnettverk med Borgarting, Eidsivating, Frostating og Gulating. Tusenårsstaden Gulatinget har teke på seg ein sekretariats-/koordineringsfunksjon.

Gjennom eit utviklingsprosjekt med ungdomspolitisk utval (UPU) i Sogn og Fjordane er det etablert kontakt med ungdom i heile fylket, også utanfor Noregs grenser, der menneskerettar og generelle oppveksttilhøve for ungdom i dag vert debatterte. Representantar for UPU var nettopp på Island og tok del i Nordisk Råds ungdomssamling.

Ei prioritert oppgåve i perioden 2006-2015 har vore å reise eit visningsbygg som kan nyttast i formidlingssamanheng. Grunna manglande midlar er dette tiltaket enno ikkje realisert.

2.3 Ny strategi:

Gulatinget er eit av dei eldste representasjonstinga i Norden. Gulen var samlingsstad for tingseta i fleire hundre år. Eivindvik var møtestad, men tinget brukte også andre stader for samlingane sine oppgjennom tida. Landet si første lovsamling; Gulatingslova er den eldste nordiske lovsamlinga vi kjenner. Denne lovsamlinga vart også lagt til grunn for Landslova av 1274, som igjen pregar Grunnlova som vart utforma og vedteke på Eidsvoll i 1814. Tusenårsstaden Gulatinget er ein markeringsstad for Gulatinget, og er lagt til Flolid, eit område som synest å ha vore tingstad ein periode før tinget blei flytta til Bergen.

Dette er det historiske grunnlaget for arbeidet med Gulatinget. Det nye strategidokumentet peikar på fire strategiar for det vidare arbeidet. Det vil alltid vere trong for ny kunnskap, og styringsgruppa for tusenårsstaden peikar på at dette er eit viktig område også for åra framover. Det er også trong for å arbeide vidare med, og fornye formidlingsarbeidet, både den formidlinga som skjer på staden, og som også er eit viktig element i den lokale verdiskapinga (auke i reise-liv, mat, overnatting, m.m.). Den digitale formidlinga må heile tida vere i endring for å nå dei prioriterte målgruppene. Det har vore, og er viktig for styringsgruppa at Gulatingsarven ikkje berre er fokusert på det som ein gong var, men kan peike framover og gi inspirasjon og nyskaping også i dag, slik det ligg i intensjonane om tusenårsstadane.

Det vil vere styringsgruppa for tusenårsstaden si oppgåve å konkretisere strategiane i tiltak, t.d. gjennom årsplanlegging.

2.4 Ny avtale:

Den nye avtalen som vert lagt fram er noko forenkla i høve den avtalen som no går ut.

2.5 Vurderingar:

Tingtradisjonane som er knytt til historia om Gulatinget er av nasjonal og internasjonal interesse, og famnar om utvikling av folkestyreprinsipp, rettsstaten, forsvaret og kyrkja sin plass i samfunnet. For Gulen kommune og Sogn og Fjordane er denne historia eit stort aktivum,

ein verdi av nasjonal og internasjonal interesse. Det ligg store utfordringar i både det å skulle formidle den kunnskapen ein i dag har om denne delen av kulturarven, men også det å få fram ny kunnskap; evt sjå eksisterande kunnskap i nytt lys. Kontakt og samarbeid med forskingsmiljø står difor sentralt i dette arbeidet. Satsing på formidling av kulturarven vil kunne gi positiv stimulans til lokal næringsutvikling gjennom auke i tilreisande som vil sjå staden og oppleve kunsten på tusenårsstaden. Deltaking i nasjonalt og internasjonalt nettverksarbeid gir nye impulsar til arbeidet lokalt, samstundes som den satsinga som er lagt ned i Gulen er ein inspirasjon for samarbeidspartar både nasjonalt og internasjonalt.

Strategidokumentet som no vert lagt fram, er resultat av drøftingar i styringsgruppa, drøftingar som har gått over noko tid. Strategiane som er valde, er dels vidareføring av strategiar frå utviklingsplanen 2006-2010 (formidling, lokal næringsutvikling), dels nye (fagleg utvikling og nettverksarbeid).

Den nye avtalen mellom kommunen og fylkeskommunen er bygt på same lest som første avtalen, men er noko forenkla. Eit diskusjonstema har vore om Gulen kommune skulle overta eigedomsretten til infrastruktur og kunstverk på staden. Dette ønskjer kommunen ikkje på noverande tidspunkt. Avtalen forpliktar begge partar til felles innsats.

Det vert ikkje lagt opp til endringar i organiseringa av arbeidet. Styringsgruppa står fritt til å vurdere om det på noko tidspunkt er grunnlag for å ta opp spørsmålet om anna organisering vil tene vidare utvikling av Tusenårsstaden Gulatinget.

Ny strategi og ny avtale har ikkje budsjettmessige konsekvensar for fylkeskommunen utover det som ligg i budsjettet som årleg løyving.

Strategi og avtale vert lagt fram samtidig til politisk handsaming både i Gulen kommune og fylkeskommunen.

3. Konklusjon

Utvikling, vedlikehald, drift og formidling av tusenårsstaden Gulatinget er eit felles ansvar for Gulen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Arbeidet er ein integrert del av fylkeskommunen si kultursatsing. På denne bakgrunn rår fylkesrådmannen til at strategien for Gulatinget og ny avtale mellom Gulen kommune og fylkeskommunen vert godkjent.